

Bjørn Gjevik: Flo og fjære langs kysten av Norge og Svalbard. Farleia forlag, 2009 (351 sider), 350 kr.

Professor Bjørn Gjevik er vorten emeritus (uttent), men er sanneleg ikkje utsliten. Han har kome med ei bok som i det minste skulle interessere alle som innimellan er nær, eller i, saltvatn. Her er det stoff for kvar og ein, enten ein er ute etter gode historier, berre historie, eller rett og slett lærdom om hav og straumar.

Det siste er ikkje noko merkeleg. Boka er merkt av at forfattaren har hatt dette området som forskingfelt i mange herrens år, slik at delar av boka er som ei lærebok light. Men boka inneheld langt meir enn det titelen seier, sjølv om havstraumane som er drivne av måne, sol, vind og lufttrykk er det sentrale. Vil du lære om metodar for observasjonar og simuleringar finn du det her. Og finn du det ikkje, så er der ei lang liste med netadresser i boka som skulle kunne gje deg det du eventuelt er ute etter. Og er du sliten og kei etter dagens dont, kan du bla deg fram gjennom biletmaterialet (som er storartat), lesa litt Petter Dass, eller om du vil, lese skrekkhistorier om ulykker på havet, om stormflo og steinras frå tidelege tider til vår tid. Og kanskje om framtida: Står Operabygget i Oslo trygt der det står?

Det er haugevis med faktaopplysningars som du kan bruke i selskapslivet. Landhevinga i Oslo-regionen er fire millimeter i året. Det er flo og fjøre ikkje berre i saltvatn, men og i fjellmassene på Galdhøpiggen (med amplitude på omtrent 40 cm). Det er ingen Moskenesstraum, men derimot ein Moskstraum som fører med seg vassmasser som er det dobbelte av det Amazonas gjer. Og sjølv om gravitasjonskraftene som verkar på havet frå måne og sol er berre ein milliondel av krafta frå jordmassen, deformerer dei jorda, og dei flyttar vassmasser slik at jorda blir nedbremsa og avstanden til månen aukar smått om senn. Dei siste effektane er nå ikkje så viktige for oss som her går. Det tok bortimot 400 millionar år før døgeret vart to timer lengre. Og slik som folk oppfører seg er vel *homo sapiens* borte før totale solmørkingar blir borte. For ein realist som skal prøve å konversere, er slike fakta sikre vinnarar. Ikkje visste eg, at på sære plassar som ved Vancouverøya og i Sortlandsundet, snur straumen berre ein gong i døgeret!

At det i tillegg er ei nyttig bok for alle som skal ta seg fram langs norskekysten, seier seg sjølv. Så eg må seia at 350 kroner for ei slik bok er eit godt kjøp.

Hallstein Høgåsen